



Arkivnr: 2018/16360-1
Saksbehandlar: Anne Sara Svendsen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda		20.11.2018
Utval for opplæring og helse		27.11.2018

Rapport frå elev- og lærlingombodet - oppfølging

Samandrag

Fylkesrådmannen viser til elev- og lærlingombodet sin rapport for 2017 og løypemelding for første halvår 2018. Ombodet peikar på fleire område der det ut frå erfaringar ombodet har gjort, vil vere føremålstenleg med tiltak for å betre situasjonen for lærlingar og lære kandidatatar.

Fylkesrådmannen sluttar seg til mykje av det elev- og lærlingombodet peikar på. Enkelte tiltak er allereie starta, medan det på andre område vil krevje at det blir tilført ressursar dersom det skal bli mogleg å setje inn tiltak i tråd med ombodet sine tilrådingar.

Økonomi: Blir eventuelt teke opp i samband med det enkelte tiltak

Klima: Ingen konsekvensar

Folkehelse: At lærlingar og lære kandidatatar opplever eit godt arbeids- og læringsmiljø, vil bidra i positiv retning når det gjeld folkehelse

Regional planstrategi: Dei påtenkte tiltaka vil styrke kvaliteten i opplæringa, og er såleis i tråd med regional plan for kompetanse og arbeidskraft og med mål og strategiar for opplæringssektoren.

Forslag til vedtak

Utval for opplæring og helse tek tilbakemeldinga til orientering.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Svein L. Heggheim
fylkesdirektør opplæringf

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 06.11.2018

Fylkesrådmannen viser til elev- og lærlingombodet sin rapport for 2017 og løypemelding for første halvår 2018. Ombodet peikar på fleire område der det ut frå erfaringar ombodet har gjort, vil vere føremålstenleg med tiltak for å betre situasjonen for lærlingar og lære kandidatlar.

Innleiingsvis vil fylkesrådmannen understreke at lærlingundersøkinga viser at dei fleste lærlingar i Hordaland heldigvis har det bra.

Lærlingundersøkinga 2017 inviterte alle lærlingar og lære kandidatlar som hadde vore i lære meir enn 11 månader per 1. oktober, til å svare på ei rekkje spørsmål om læreforholdet sitt. Av 2445 spurte fekk vi svar frå 70 %, ti prosentpoeng meir enn året før. Resultata viser at dei aller fleste lærlingar i Hordaland trivst godt i læreforholdet og blir godt ivaretatt av lærebedrifta.

Fylkesrådmannen ser liten variasjon mellom Hordaland og andre fylke eller mellom år, men noko variasjon mellom fag og mellom dei forskjellige lærebedriftene og opplæringskontora. Dette gir oss gode indikasjonar på korleis vi kan betre oppfølginga av lærlingar og lærebedrifter framover.

Fylkesrådmannen sine tiltak til oppfølging av elev- og lærlingombodet sine tilrådingar er desse:

Informasjon til lærlingar og lærebedrifter om lærlingar sin rett til å søke hjelp frå PPT

Lærebedriftene blir informerte gjennom dei obligatoriske kursa for faglege leiarar, der kurset har ein eigen modul med tema OT/PPT (vedlegg). OT/PPT deltek også på Solstrand-konferansen med visse mellomrom, seinast i år. I samarbeid med OT/PPT har vi i tillegg etablert eit «ressursteam» som hjelper opplæringskontora ved behov.

Fagopplæringskontoret informerer i dag lærlingane via brev som blir sendt i samband med godkjenning av lærekontrakt, og informasjon frå omboda vert lagt ved dette brevet. Lærlingane får også informasjon via HFK sine nettsider, og facebookside Lærling i Hordaland. Fylkesrådmannen ser at denne informasjonen er mangelfull i høve til opplysningar om PPT. Informasjonen som ligg på hordaland.no, kan også forberast generelt sett. Fylkesrådmannen ønskjer å betre nettsida med eit eige menyval «Lærling i Hordaland», der denne typen informasjon kan leggest.

Rutinar når lærebedrifter ikkje følgjer pliktene sine

Lærlingar som tar kontakt om utfordringar i læretida, blir alltid følgde opp av fagopplæringskontoret. I ein del tilfelle ønskjer ikkje lærlingen at bedrifta skal bli kjend med at vedkomande har vore i kontakt med oss, og ein har då avgrensa moglegheiter til å kunne kome i inngrep med verksemda.

Sak om innskjerpa rutinar for tap av godkjenning som lærebedrift er no oppe til politisk handsaming. Intensjonen er å tydeleggjere og stramme inn rutinane vi har for bedrifter som ikkje fyller pliktene sine som lærebedrift, slik at det ikkje skal ta så lang tid som før å eventuelt trekke tilbake godkjenninga som lærebedrift.

Konsekvensane for bedriftene blir også skjerp. Fylkesrådmannen har fått klarert frå fylkesmannen at lærebedrifter som ikkje følgjer opp pliktene sine, kan trekkast i tilskot, og ved tap av godkjenning inneheld dei nye rutinane eit punkt om karantenetid.

Fylkesrådmannen har tydeleggjort kravet til lærebedriftene om internkontrollsystem i høve til opplæring. Brev om dette vart sendt alle lærebedrifter og opplæringskontor i april/mai, og fagopplæringskontoret skal følgje dette opp ved driftsbesøk og annan kontakt med verksemdene.

Rutine for å følgje opp alle lærlingar på ein systematisk måte.

Fagopplæringskontoret legg opp til systematisk oppfølging av lærebedrifter ut frå følgjande kriterium:

- Varsel eller bekymringsmeldingar
- Risikovurdering basert på statistikk for hevingssaker og ikkje bestått resultat på fag- eller sveineprøve.
- Risikovurdering ut frå resultat på lærlingundersøkinga og lærebedriftsundersøkinga (oppfølging ut frå tema eller bransjevis oppfølging).
- Risikovurdering basert på den obligatoriske, årlege rapporteringa frå bedrifter og opplæringskontor
- Følgje opp alle nye lærebedrifter innan 6 månader etter at den første lærlingen startar.

Ved bedriftsbesøk vert det også sett av tid til samtale med lærlingane utan at bedrifta er til stades.

Å følgje opp alle lærlingar i Hordaland er ei oppgåve som er for stor for fagopplæringskontoret med dagens ressursar. Det er rundt 4600 lærlingar i fylket til ei kvar tid. Strategien har vore å ha dialogmøte med opplæringskontor og større lærebedrifter, som til saman har rundt 90 % av alle lærekontraktar og opplæringskontraktar. I dialogmøte møter vi ikkje lærlingar, men har ein gjennomgang av internkontrollsystemet til opplæringskontoret slik at ein sikrar at dei har nødvendig system og planar i høve til opplæringa.

Skal vi sikre oss oppfølging av alle lærlingar, kan dette gjerast ved å t.d. innføre årlege lærlingsamlingar. Ombudet foreslår obligatoriske regionale samlingar for 1. års lærlingar i regi av fylkeskommunen. Sogn og Fjordane har dette tilbodet i dag, og vi vil vurdere moglegheitene for å innføre dette også i Hordaland. Kanskje vil 01.01.2020 då vere eit naturleg tidspunkt for oppstart.

Det vil vere nødvendig med auka ressursar både med omsyn til personell og budsjett skal vi få til å ha ei tettare oppfølging av lærlingar og bedrifter.

Rutinar for varsling/tilbakemelding frå lærlingar (også anonyme) som gjeld manglande opplæring/dårleg læremiljø i lærebedrifter

Vi manglar per i dag eit system for å varsle anonymt, og vil sjå nærare på muligheitene for å få etablert dette. Vi vil også sjå på om det er mogleg å få etablert eit system der lærlingane, etter at dei har fullført læretida i bedrifta, gir ei evaluering av korleis læretida har vore.

Arbeidsavtale for lærlingar

Dagens rutine seier at arbeidsavtale skal liggje føre samstundes med lærekontrakten. Bedrifta sender ikkje arbeidsavtalen til fagopplæringskontoret, men går god for at avtalen ligg føre ved å fyller ut dato for inngått avtale i kontraktbiletet i Vigo.

Krav om at det skal liggje føre arbeidsavtale, er i utgangspunktet til fordel for lærlingane. Vi veit likevel at i ein del tilfelle vil lærlingane få problem med tildeling frå Statens lånekasse når lærekontrakten ikkje er godkjent. Dette er ein grunn til at vi i enkelte tilfelle ikkje har halde igjen lærekontrakten.

At lærebedrifta stadfestar at arbeidsavtale ligg føre saman med lærekontrakten, vil elles bli enklare å handtere når vi om ikkje så lenge tar i bruk elektronisk signatur av lærekontraktar. Det vil då bli uråd å signere for bedrifta dersom dei ikkje registrerer opplysningar om arbeidsavtale. Mange fylke har tatt i bruk elektronisk signatur. Her i Hordaland ventar vi per i dag på at leverandøren skal løyse nokre tekniske utfordringar knytt til Ephorte før vi kan rulle dette ut.

Styrke kunnskapen til lærarar på yrkesfag (programfag) om lærlingordninga

Via prosjektet «Auka gjennomføring - fleire ut i lære» har arbeid med dette starta opp på dei seks skulane som er med i prosjektet. Prosjektet er nyleg styrka med midlar til å få tak i fleire lærebedrifter, og målsettinga med prosjektet er at også skulane skal ha fokus ut mot bedrifter og legge det fireårige løpet til grunn for opplæringa i skulen.

Tettare oppfølging av nye lærebedrifter

Ombodet foreslår at nye lærebedrifter og lærlingane der får tildelt ein fast kontaktperson på fagopplæringskontoret.

I 2017 godkjende vi rundt 180 nye lærebedrifter, 75 bedrifter vart re-godkjent, og 85 eksisterande lærebedrifter vart godkjent i nye fag.

Dersom vi i runde tal tenkjer oss at vi brukar ein dag i året til å følge opp dei nye bedriftene og lærlingane, og rundar av tala over til 250 bedrifter, utgjer dette godt og vel eit årsverk. Dette er ein ressurs fagopplæringskontoret i tilfelle må få tilført.

Skriftleg eller munnleg informasjon til alle tilsette i ei lærebedrift

Ikkje alle tilsette rundt lærlingen forstår kva det vil seie å vere lærling. Det er stor variasjon i kva informasjon tilsette i ei lærebedrift får om lærlingordninga. Lærlingen får gjerne mange kollegaer og instruktørar undervegs i læretida. Elev- og lærlingombodet foreslår eit kort informasjonsskriv eller ei felles munnleg orientering til alle tilsette i lærebedrifta om kva lærlingordninga går ut på. Dette for å skåne lærlingen for unødvendige spørsmål og gjere både lærling og andre tilsette rundt lærlingen tryggare i læresituasjonen, samt gje mindre grobotn for mistydingar.

Fylkeskommunen har ikkje mynde til å pålegge lærebedriftene å gi denne typen informasjon til sine tilsette. Vi kan sjå til at bedrifta har internkontrollsystem for opplæringa, og har fokus på arbeids- og læringsmiljø, og som ein del av dette stiller vi spørsmålet:

- Er det tilrettelagt for læring og vurdering i heile arbeidsmiljøet (lærlingen inngår i ein arbeidsfellesskap)?

Ut over dette er det vanskeleg å setje i verk spesifikke tiltak på dette området.

Krav om skulemiljøutval

Ombodet foreslår at fylkeskommunen må sikre at lovpålagt skulemiljøutval (opplæringslova § 11-5a) vert oppretta og gjennomført på alle offentlege vidaregåande skular.

Lovkravet om skulemiljøutval er ikkje nytt, og fylkeskommunen vil følgje opp tilråding frå elev- og lærlingombod og sikre at alle dei vidaregåande skulane opprettar skulemiljøutval i tråd med krav i opplæringslova og fylkeskommunale rutinar. Ansvar for oppfølging er lagt til opplæringsavdelinga ved regionleiarane.